

Årsmøteprotokoll

FAU Valderøy Barneskule

FAU-MØTE 1, skuleåret 2025-26

Torsdag 4. september, kl 19.30 – 21.00



Sak 1	Godkjenning av innkalling Innkallinga vart lagt ut på Spond 14 dagar før møtet, i tillegg var påminning sendt ut via Transponder. <u>Vedtak:</u> Innkallinga vert godkjend utan merknader.
Sak 2	Registrering av frammøte FAU hadde godt frammøte på årsmøtet – 35 representantar og vara møtte opp. <u>Vedtak:</u> 35 av 45 representerte på møte. Årsmøte var dermed vedtaksføre.
Sak 3	Val av møteleiar, referent og to til å signere protokollen. <u>Vedtak:</u> Bjarte Tomren vart vald til møteleiar og Silje Mari Listein som referent. Kine Victoria Bergli og Christian Lübbe vert vald til å skrive under protokollen.
Sak 4	Årsrapport skuleåret 2024-2025 Møteleiar la fram rapporten om FAU sitt arbeid frå sist skuleår. <u>Vedtak:</u> Rapporten vart tatt til vitande utan merknader.
Sak 5	Val av styre Leiar Bjarte Tomren, funksjonstid eit år. Nestleiar Yvonne Ytterland Magnussen, funksjonstid to år. Kasserar Sunniva Aasen, funksjonstid to år. Skrivar Silje Mari Listein, funksjonstid eit år. <u>Vedtak:</u> Medlemmar til styret vart valde einstemmig. Etter møtet skal møteleiar saman med det nye styret stå for rett registrering i Brønnøysundregisteret snarast mogeleg.
Sak 6	Årshjul FAU gjennomgjekk årshjulet. Det er ønskeleg å rekruttere representantar til ulike arbeidsgrupper: • Uteområdet: Oppgradering eller renovering av skuleområdet, med moglegheit for aktivitetar som frisbeegolf eller zipline ved Kjærleikstien.

	● Haustfest (1.–4. trinn): Planlegging, organisering og gjennomføring av årets haustfest. ● Elevkveld (5.–7. trinn): Planlegging, organisering og gjennomføring av elevkveld. Elevane skal også vere med i organiseringa for å skape eigarskap og sikre ein god gjennomføring. ● Trygg skuleveg: Tiltak for tryggare skuleveg, inkludert etablering av fleire gangfelt. FAU oppmodar representantar til å informere klassene sine og oppfordre andre foreldre til å melde seg frivillig. Godt samarbeid er avgjerande for å nå målet.
Sak 7	Møtedatoar FAU skuleåret 2025-2026 <u>Vedtak:</u> Fyrste torsdag i månaden kl. 19.30 – 21.00
Sak 8	Eventuelt Revidering av FAU-vedtekter FAU sine vedtekter har ikkje vore oppdaterte sidan 2018. Det er ønskeleg å starte ei arbeidsgruppe som kan bidra til revidering. Mange av dagens løysingar opplevast som tungvinte, og det er sterkt ønskeleg å forenkle prosessar slik at FAU lettare kan følgje eigne vedtekter. Forslag om å inkludere mål om mobilfri skule i vedtektene vart godkjent. FAU oppmodar fleire til å melde seg frivillig til arbeidet med å revidere vedtektene, og FAU-representantar bes dele informasjonen med klassene sine. Økonomi FAU har god økonomi, med meir midlar enn det som er nødvendig å ha på bok. Det vert derfor lagt vekt på å finne gode tiltak som gagnar alle ved VBS. Eksempel på tiltak kan vere: ● Mobilfri-kampanje ● Oppgradering av uteområdet ● Frisbeegolf og zipline ● Auke i støtte til leirskulen Alle oppmodast til å komme med forslag til tiltak som kan støttast. Lys på parkeringsplassen Det har kome fram at lyset på parkeringsplassen vert skrudd av når det vart mørkt, noko som skapar utryggleik, særleg om vinteren. FAU vil undersøkje saka vidare.

Leksehjelp

FAU ønskjer å få avklart om skulen har lov til å ikkje tilby leksehjelp for elevane ved VBS. Meir informasjon vil kome.

Åpen gymsal

Tilbodet med open gymsal om morgonen er fjernet. FAU ønskjer å få klarheit i årsaka og vurderer moglegheiter for å få tilbodet tilbake.

Sykling til skulen

FAU vil undersøkje gjeldande regelverk for sykling til skulen. Tidlegare har det vore sagt at VBS ikkje kan pålegge eller nekte elevar å sykle. Det er opp til kvar enkelt forelder å avgjere om det er trygt for barnet å sykle. Forslag om å etablere ein «følgjebuss» om morgonen vart diskutert for å auke tryggleiken på skulevegen.

Trafikkgruppa / trygg skuleveg

FAU vil starte opp igjen arbeidsgruppa som tidlegare har jobba med å trygge vegen til skulen. Det vart satt ekstra fokus på mangel på overgangsfelt frå nedre Nordstrand over hovudvegen. I dag er det berre eit overgangsfelt mellom skulen og området frå Blomvika til nedre Nordstrand.

Engasjement frå foreldre

FAU ønskjer å minne om kor viktig det er å følgje med på informasjon frå FAU, og å respektere representantane som brukar fritida si for å representere klassen. Foreldre oppmodast til å vere aktive: still spørsmål, gi tilbakemelding på innlegg, oppfordre lærarane til å bruke digitale plattformer som transponder, og bidra til engasjement i klassen. God kommunikasjon og deltaking er avgjerande for å gjennomføre gode tiltak for alle elevar ved VBS.

FAU er eit samarbeid mellom skulen, heimen og klassen for å sikre gode tilbod, styrke engasjement og fremje best mogleg læringsmiljø for elevane.

Silje Mari Listein

Møtet vart avslutta innan oppsett tid.

Underskrift for rett protokoll:

Kine Victoria Bergli

Christian Lübbe